

Toppleilegheter i Beinavikjo får nye eigarar.

17.03.2017



Uskedalen Brygge med 20 seksjonar ligg eksklusivt til i sjøkanten med vakker utsikt mot Skorpo, Storsund og Hardangerfjorden. Toppleileghetene, som no vert selde, ligg i Telegrafbygget t.v.

Dei to toppleileghetene i Telegrafbygget i Beinavikjo vil innan kort tid få nye eigarar. Malin Tvedt og Kristoffer Rød gjer klar for å selja. Seksjonen har ei golvflate på 92 rutemeter og ligg mot nordaust. Geir Rusten eig den andre toppleilegheta. Nye eigarar flyttar inn med det fyrste.



Vakker kveldsstemming med solnedgang i Beinavikjo.

Det er til saman 20 seksjonar på Beinavikjo. Sunnhordland Prosjektutvikling eig tre seksjonar. Alle er utleigde. 17 seksjonar er i privat eige. Det vil alltid vera litt kjøp og sal av leilegheter i ei bustadsameige som Uskedalen Brygge.

Malin Tvedt og Kristoffer Rød har lagt sin seksjon ut på Finn.no. Det er stor stove med kjøkken, to store soverom, stor terrasse, bod og garasje. Seksjonen har høg standard og ligg eksklusivt til med vakker utsikt mot Skorpo, Storsund og Hardangerfjorden. Alle bebruarane har tilgang til gjesteparkering, kai og fellesareale. Det høyrer båtplass til nokre av seksjonane. Sidan oppstarten i 2005 har det vore eit stabilt og godt bumiljø i Beinavikjo.

Tekst/foto/nett: Kristin Bringedal